

Røldal grunneigarlag

Til
NVE

Innspel til høyring av detaljplan vedkomande miljø og landskap for rehabilitering av dam i Valdalen.

NVE referanse: 202412819

Stenging av Valdalsvegen er uakseptabelt.

Valdalsvegen er ein offentleg veg og ein viktig inngangsport til Hardangervidda.

Det er heilt uakseptabelt å stengja vegen i anleggsperioden.

Her må det lagast omkjøring før anleggsarbeidet blir igangsett.

Parkering vinterstid og reguleringsplan.

Parkering er først og fremst aktuelt vinterstid.

Dei siste åra er det Hydro sitt område ved Einungstølen som er nytta. Utover dette er det ikkje opparbeidd parkeringsplasser i området og parkering langs vegen vinterstid er ikkje aktuelt. Hyttefeltet har heller ikkje vinterparkering for hytteigarane.

Det må utarbeidast reguleringsplan for området som omfattar nødvendig parkeringsareal for allmenn bruk av Valdalen. Planen må ta omsyn til grunneigarane nord for dammen i tillegg til politi, brann og redningsmannskap og allmenn vinterferdsel til Hardangervidda.

Erstatningsparkering må vera klar før oppstart av anleggsarbeid på dammen.

Mobildekning med basestasjon i Høgåsen er eit viktig sikringstiltak.

Når anleggsarbeid på dammen sperrer for vinterferdsel på islagt magasin blir mobildekning ekstra viktig.

Store deler av dalen har ikkje mobildekning i dag. Bilvegen kan ikkje nyttast om vinteren pga bratt terreng og stor rasafare. Når reserveløypa over Heialeite og Tjødnastølskar må nyttast pga. usikker is / anleggsarbeid er heile den krevjande og bratte traseen nord for Klentenuten heilt utan mobildekning.

Ein basestasjon i Høgåsen vil kunna gi god dekning i heile dalen og store deler av sidedalane.

Bruk steinmassar frå tunneldrift til betre og tryggare veg ned i magasinet.

Vintertilkomsten ned i magasinet ved overløpstesterskelen er for bratt, og det er fleire smale parti som det periodevis er farleg å passera, særleg i vikja like innom overløpet der rasløpet frå Kløvsnuten når dalbotn. Her er også eit parti med glatte berg med farlege isras i mildversperiodar.

Steinmassar frå tunneldrifta vil koma til god nytte for å betra desse farlege forholda for sikrare tilkomst til isen vinterstid.

Utsett heile tiltaket til ny konsesjonssøknad er avklart.

Det er uheldig å gå i gang med planlagt ombygging før omsøkt konsesjon om nye effektverk og pumpekraftverk er handsama.

Røldal grunneigarlag

Framtidig restriksjon på fylling av magasinet om sommaren kan bli aktuelt mellom anna for å sikre attgroing / revegtering av den øvre reguleringssona og dermed gjera magasinet meir robust mot erosjon og bølgeslag om hausten.

Det er heller ikkje usannsynleg at det må gjerast fleire tiltak med dam og tilhøyrande inntak dersom det skal byggjast nye driftstunnellar. Alt dette må samordnast slik at skade og ulempe for brukarane av området blir minimalisert.

Fram til ny konsesjon er avklart bør det difor innførast nivårestriksjon i magasinet som sikring mot skadeflaum. (det er alt utført eit tiltak der overløpet er senka med 4 meter, det må vurderast om dette er nok eller om det må innførast ei lågare grense for fylling)

Planlagt arbeid med flaumoverløpet bør setjast på vent og samordnast med øvrig anleggsarbeid når endeleg konsesjon er avklart.

Nødvendige tiltak for å sikra allmenn ferdsel til Valdalen og parkeringsareal for vinterbruk må vera ferdigstilt i god tid før det er aktuelt å gå i gang med anleggsarbeid på dammen.

Med helsing for Røldal grunneigarlag

Røldal 10. september 2024

Olav S. Rabbe
leiar